

Sjå mottakartabell

TUSSA ENERGI AS

Langemyra 6, 6160 Hovdebygda
Telefon: 70 04 62 00
E-post: firmapost@tussa.no
Internett: www.tussa.no

Bankkonto: 6562 05 14386
NO 876 795 442 MVA

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Sak/dok.nr.:	Arkivref.:	Dato:
	Elling Dybdal/LT	16/00277-5	511	13.09.2017

Mørevassdraget. Krav om revisjon. Svarbrev

Eg viser til brev av 08.05.2017 frå NVE til oss.

Før vi tek opp det formelle ved eit eventuelt krav om revisjon, vil vi påpeike nokre moment ved miljøtilstanden i vassdraget, tiltak som vi hadde tenkt vart gjennomført og kva/kven som er årsak til ein del utfordringar i elvestrengen. Vi kommenterer også kravet som NVE har vidaresendt til oss.

Hovudutfordringa i elva frå Kalvassvatnet til Eidsvatnet er i dag på den nedre strekninga av elva nemleg frå utløpet av kraftverket og til Eidsvatnet. Då kraftverket vart sett i drift i 1920, var utløpet frå kraftverket i Storevatnet. Problemet oppstod om lag 40 år seinare då Storevatnet vart seinka med om lag 3 m og vart delt i tre vatn. Eidsvatnet, Bulingen og Storevatnet, namn frå Kartverket sitt «Norgeskart» og nemnt i rekkjefølgje med vasstraumen. Bakgrunnen for seinkinga var ønske om å få meir landbruksareal. Tiltaket vart gjort gjennom ein søknads- og godkjenningssprosess der NVE var sentral. Ansvaret for tiltaket kviler på andre enn kraftverkseigar og andre enn kraftverkseigar må difor ta kostnadene med å reparere uheldige konsekvensar grunna seinkinga av vatnet.

Kolfossen kraftverk har normalt svært høg driftstid - i 2015 var det 8746 driftstimar og i 2014 8720 driftstimar. 2016 var spesielt då vi fekk overspenning inn i kraftverket grunna lyn, og det vart brann i kontrollanlegget. Då hendinga skjedde på natta, gjekk det nokre timar til omløpsventilen (som då var manuell) vart opna. Kraftverket er no ytterlegare sikra mot overspenningar i nettet og normalt kjem vi til å få driftstider som i 2014 og 2015. Eventuelle stansar for revisjon, vil bli gjort med mjuke overgangar for å hindre raske endringar i vassdekt areal i gyteområdet.

Sommaren 2015 gjennomførte Sweco på oppdrag frå Tussa ei fiskeundersøking med enkel bonitering på strekninga frå utløpet av kraftverket og til sjøen. Konklusjonen var at elva frå utløpet av kraftverket og til Eidsvatnet var det beste gyteområdet på strekninga. Rapporten frå boniteringa ligg ved.

Vinter 2016 monterte Tussa friviljug ein så stor omløpsventil som det er teknisk mogeleg å installere i kraftverket. Denne opnar no automatisk ved driftsstop og slepp om lag 200 l/s til elva. Sommaren 2016 gjennomførte vi ny synfaring med Sweco og NVE v/ Randi Holme. Etter det konkluderte Sweco at å byggje tersklar og med det forbetre gyte plassar i Kolfosselva

Vår dato
13.09.2017

Vår referanse
16/00277-5

var løysinga. Då ville omløpsventilen klare å halde eit vesentleg vassdekt areal i elva og reduksjonsfarta av det vassdekte arealet ved ein eventuell stogg ville ikkje vere så rask. Tussa har søkt NVE om det friviljuge tiltaket med terskelbygging og nyleg fått løyve til dette med plan om å gjennomføre dette i perioden 15. juli – 15. sept. 2017. Grunna krav om revisjon og avklaring av dette så bad vi om utsetjing av tiltaket til revisjonskravet er endeleg fastsett.

Vedlagt følgjer søknaden om løyve til etablering av tersklar og NVE si godkjenning av søknaden.

Prosjektlear for vassregionsområdet hadde stor fokus på Mørevasdraget, men vassdraget nådde ikkje opp i prioriterte vassdrag i rapport av 2013 frå NVE og Miljødirektoratet. Detaljrapporten side 210 i rapport frå 2013 verkar rett, med middels påverknad og middels verdi med omsyn til fisk og fiske i nedre del av Austefjordelva (Mørevasdraget). Hausten 2012 gjennomførte prosjektlear i vassområdet og Tussa synfaring saman med ordførarane på søre Sunnmøre til Kolfossen, der det verka som hovudagendaen til prosjektlear var å kaste lys over «problemet» med fiskedøden frå 2008.

Kommentarar til kravbrevet.

Tussa meiner NVE og Miljødirektoratet har gjort ei fagleg rett vurdering med omsyn til prioritering for revurdering av Mørevasdraget.

Ål , Padder Laks og Aure.

Ål - vi kan ikkje sjå kva som ved kraftverkskøyringa eventuelt har endra levevilkåra til ålen. Endring i landbruksdrift og veg og tunellbygging med finsediment i vassdraget har truleg større påverknad og i tillegg kjem effektane i havet.

Padder - Kolfossen kraftverk med si høge driftstid og med francis-turbin gjer at det svært sjeldan eller aldri blir normal alminneleg lågvassføring nedstrøms kraftverket, som det ville bli om vassdraget var uregulert. Reguleringa tek bort flaumtoppar og det blir levert meir vatn i elva enn normalt når det er lite tilsig.

Laks og Aure. - Tussa er samd i at tidlegare bråe driftstoppar i kraftverket har vore uheldige for fisk i elva mellom kraftverket og Eidsvatnet, men vi meiner at dei friviljuge tiltaka langt på veg vil oppheve dei negative effektane av kraftverket på fisk.

Fuglar

Songsvaner - Når det er langvarige frostperiodar så er det i nedre del av Mørevasdraget inntil ca. 10 par med songsvaner som beiter i dei grunne partia i vatna. Den relativt høge vassføringa frå magasina (kraftverka) samt at kraftverksvatnet truleg er varmare om vinteren enn naturleg vatn ville vere, medfører at desse strekningane ikkje fryser til. Songsvanene får difor store og god nok beite og startflyge-strekningar.

Kvitryggspett og firlingen - er slik Tussa ser det ikkje relevante når det gjeld regulering og kraftverksbruk av vassdraget.

Osdalen kraftverk

Tussa Energi fekk i 2014 konsesjon for bygging av kraftverk i vassdraget etter ei grundig høyring og sakshandsaming. Her vart fordelane med kraftverket vektlagd større enn ulempene. I denne samanheng vart alle høyringspartar informert via søknaden om at reguleringsmagasinet i Grøndalsvatnet var ein svært viktig del i prosjektet.


Vår dato
13.09.2017

Vår referanse
16/00277-5

Så til det formelle om eit eventuelt revisjonskrav. Vi held fast ved signala vi gav til dykk i brev av 6. juni 2016. Vi har rådført oss med advokat med vassdragsrett som spesialfelt og han deler fullt ut syna vi har formidla. Om NVE opnar revisjon vil vi altså klage saka inn til Olje – og Energidepartementet.

Vi kjem til å avvente gjennomføring av terskelbygging til etter at eit eventuelt gyldig pålegg om tiltak er fatta og basert på ein lovleg revisjonsprosess.

Med vennleg helsing
Tussa Energi AS


Elling Dybdal
Adm. direktør

Vedlegg:

Rapport frå fiskeundersøkinga
Søknad om etablering av tersklar
Godkjenning av etablering av tersklar

Vår dato
13.09.2017

Vår referanse
16/00277-5

Mottakar	Kontaktperson	Adresse	Post
NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat	Heidi Kannick	Postboks 5091, Majorstuen	0301 Oslo
Norges vassdrags og energidirektorat NVE		Postboks 5091, Majorstuen	0301 Oslo